

Krasjkurs i grønsaksdyrking 17. nov

Denne dagen skal førebu deg til å starte opp eit testbed på eigen gard eller leigd areal på 100-200 kvm i vekstsesongen 2021. Denne dagen er skreddarsydd for deg som ikkje har drive ein testproduksjon og treng grunnleggande agronomisk kunnskap. Du får tips til ein startpakke for å koma igong med ein testproduksjon til ein meir permanent, og utvida marknadshageproduksjon (som dei to kurssamlingane i januar og februar 2021 skal handle om).



Gunnlaug Røthe frå Norsk landbruksrådgiving vest vil førebu deg på grunnleggande agronomi og jordkunnskap, medan Katinka Kilian (bilete), som driv grønsaksproduksjon til Ulvik Andelslandbruk, vil gje deg alle dei praktiske tipsa for ein god oppstart av eit testbed.

PROGRAM:

17. november – Voss Scandic hotell

09:30 – Registrering og noko å bite i til kaffen. Utdeling av maske til bruk under pausane.

10:00-10:15 Velkommen og presentasjonsrunde

V/ Frøydis Linden, Fylkesmannen i Vestland, som vil leie programmet denne dagen.

10:15 – 12:30 – Gunnlaug Røthe , Norsk landbruksrådgiving

Kva er det viktig å tenkje på når ein skal drive med grønsaksjord på Vestlandet? Ein formiddag med fokus på god agronomi, typisk vestlandsjord, drenering og forberede ein småskala grønsaksproduksjon. Du får hjelp til å kunne velje ut eit testareal på eigen gard gjennom desse temaene:

Kva er god grønsaksjord?

TEMA: Forskjell på mineraljord og organisk jord/myrjord, Drenering - jordfysikk, Jordliv – biologi – kompost - vintergrønt, pH og næringsinnhald

Pause: 11:00 – frukt og kaffi

- vi kikker på jordprøver sammen med Gunnlaug Røthe, NLR, frå kl 11:15

11:30

Andre faktorar som påverkar grunnlaget for vellukka grønsaksdyrking/val av areal:

TEMA: helling og solinnstråling, moh – døgngader, nedbør og varme, jordvarme

Og til slutt ein anbefaling av 10-15 kulturar ein kan starte med i eit testbed, fyrste vekstsesongen som grønsaksdyrkar.

12:30-13:30 LUNSJ

13:30-16:00

Erfaringar frå grønsaksdyrking på Vestlandet – Katinka Kilian, Ulvik

Katinka Kilian driv garden Undeland saman med mannen Grzegorz Kramar. Dei sel alle grønsakene sine gjennom Ulvik andelslandbruk, som dei starta i 2017.

13:30

Katinka vil fortelje om dei praktiske erfaringane med å dyrke grønsakene lista opp før lønsj, og korleis dei passar inn i eit vekstskifte. I tillegg vil du få med deg gode tips for korleis du kan starte opp eit testbed på om lag 100-200 kvm og kva du treng av grunninvesteringar til dette.

Pause 14:30-14:45

14:45

Førebuing av eit testareal i praksis: "Grønnsaks-hacks" i eit Vestlandsklima:

Jorddekke, fiberduk og bøylar, faste bed, brakking vs fresing og pløging, enkel utstyrsliste, oppal inne eller i lite drivhus – eller kjøpe ferdige?

Dersom det blir tid, vil ein også gå kort igjennom ein gardsressursanalyse og hjelpe deg i å starte arbeidet med å oppdage garden sine ressursar, både dei menneskelege, fysiske og naturgitte føresetnadene.

16:00

Vel heim!

- Og velkommen tilbake til nytt kurs 19.-20.januar!

Arrangørar i samarbeid:

Bondens marked[®]
////////// NORGE



Fylkesmannen i Vestland

Norsk Landbruksrådgiving Vest SA



**Norsk
Landbruksrådgiving**

